



Arkivnr: 2017/2247-3

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr

Samandrag

Eit 12 månaders sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 8. juni 2017. Ein har fått inn tilbod på nytt lån frå seks bankar. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Danske Bank Markets.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 335 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Danske Bank Markets. Renta er 1,17 % fram til 8. juni 2018.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.06.2017

Eit 12 månaders sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 8. juni 2017. Renta på lånet har vore 1,253 % siste året.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt sertifikatlån på 12 månader. Eit alternativ ville vore å vurdere lengre løpetid / rentebinding enn 12 månader. Men ein ser det som gunstig å ha nokre 12-månaders lån i porteføljen. Desse låna har lågare rente enn meir langsiktige lån, samstundes som renta ligg fast i 12 månader framover, noko som er nyttig for arbeidet med prognosar og budsjett.

Bergen Capital Management har gjennomført anbodsrunder, og ein har fått inn desse tilboda:

	nominell rente
Danske Bank Markets	1,170 %
Nordea Markets	1,170 %
DNB Markets	1,172 %
Sparebank 1 Markets	1,180 %
SEB Merchant Banking	1,190 %
Kommunalbanken	1,195 %

Det vart ein svært jamn bodrunde denne gongen. To bankar kom ut likt med 1,170 %, Danske bank og Nordea. Bergen Capital Management har gjennomført loddtrekking, og Danske bank vart då vinnaren. Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Danske Bank Markets.